

Osterøy Ferjeselskap AS
Postboks 100
5291 VALESTRANDSFOSEN

Dato: 06.05.2014
Vår ref.: 2014/11512-8
Saksbehandlar: torrods
Dykkar ref.:

Søknad om ruteløyve for ferjesambandet Breistein - Valestrand - melding om vedtak

Vi viser til dykkar brev av 12.12.13 med søknad om ruteløyve for ferjesambandet Breistein – Valestrand.

Fylkesutvalet gjorde i møte 23.04.14 følgjande **vedtak** i saka:

«Fylkesutvalet godkjenner Osterøy Ferjeselskap AS sin søknad om ruteløyve for 10 år for ferjesambandet Breistein - Valestrand. Fylkesutvalet legg til grunn at drifta vert vidareført utan fylkeskommunalt tilskot.»

Vedtaket kan påklagast innan tre veker at de blei gjort kjend med det. Ein eventuell klage skal sendast til samferdselsavdelinga. Vi kan gje nærmare informasjon om klageadgongen.

Vedlagt følgjer ruteløyvedokument nr 1207 1238. Kopi av dokumentet må oppbevarast for kontroll i det/dei fartøy som vert nytta i rutedrifta.

Persontransport mot vederlag er regulert i yrkestransportlova. Vi vil streke under at ruteløyvet ikkje kan overførast til anna rettssubjekt utan samtykke frå løyvestyresmakta. Samferdselsavdelinga må få melding snarast dersom dagleg leiar trer av.

Rolf Rosenlund
Leiar

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Ruteløyvedokument nr 1238